



Land og bruk

Nummer 3 - 2012

Juni 2012

- nytt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavdelinga

Redaktør: Sissel C. Endresen - telefon 51 56 89 60, e-post: sissel.c.endresen@fmro.no

Nyttig informasjon

Tredrivar – kor er du?

Vi ønskjer å bruke meir lokalt tre i alle typar bygg i Rogaland. For å få opp interessa for meir bruk av lokalt tre som byggjemateriale, treng Rogaland ein person som kan vere ein pådrivar i alle ledd frå skog til ferdige bygg.

Det er no avtalt finansiering av ein tredrivar også i Rogaland, som eit spleiselag mellom Innovasjon Norge, fylkeskommunen og fylkesmannen.

Tredrivaren skal vere ein viktig aktør i realiseringa av nasjonal politikk og vedtekne regionale planar når det gjeld å auke foredling og bruk av lokalt råstoff, m.a. i ny klimamelding. Endeleg organisering av satsinga er ikkje avklart, men med riktig person vil vi gjere alt vi kan for å få til ei god løysing.

Ta kontakt med Lars Slåttå eller Anfinn Rosnes om du vil vite meir.



Personalendringar

Nytilsette

Aart van Zanten Magnussen er frå 1. juli tilsett som næringsutviklar i stillinga etter Geir Skadberg. Aart er tilsett hos Fylkesmannen der han fram til no har hatt oppgåver innan mellom anna statistikk, landbruksøkonomi og samarbeidsprosjekt med NILF.

Dag Okkenhaug Bævre er frå 10. juni tilsett i eit engasjement i Skogselskapet i Rogaland for å styrkje oppfølginga av skogkulturinnsatsen i Haugalandsområdet.

Karen Nedland Førre er frå 18. juni tilsett som sommarvikar i 6 veker. Ho er jusstudent og skal vikariere i stillinga til Kirsten Smedvig.

Arrangementskalender

14. august

Samling tilskotsforvaltning

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Geir Helge Rygg

September

Tur til Nordfylket for å sjå på økologisk gardsdrift.

Kontaktperson: Annabell Pfluger

17.-18. september

Studietur til Trøndelag – Mat og reiseliv

Kontaktperson: Eli M. Serigstad

26.-28. september

Studietur til Tyskland for å sjå på økologisk matproduksjon

Tema: "Frå jord til bord"

Kontaktperson: Annabell Pfluger

4. oktober

Lokalmatseminar – "Korleis lukkast som lokalmatprodusent?"

Stad: Måltidets Hus Statens hus, Stavanger

Arrangør: Oikos – Økologisk Norge

Kontaktperson: Helene Austvoll i Oikos

November

Dialogmøte med tilsette i kommunal landbruksforvaltning

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Sissel C. Endresen

Desember

Møte med nytilsette i kommunal landbruksforvaltning

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Bente E. Halvorsen



"Vend ansiktet mot solen, så ser du ikke skyggene."

Helen Keller

Landbruksdirektørens hjørne



v/Anfinn Rosnes
ass. landbruksdirektør

Ja så går vi igjen mot ferietid, og ein velfortent pust i bakken for oss i landbruksbyråkratiet. Vi har som vanleg merka oss ein arbeidstopp i juni, om det gjeld manuelle utbetalningar av produksjonstilskot eller anna arbeid som må vere ferdig før vi tek ferie. Vi gjer det vi kan for at ikkje saker blir liggjande for lenge for avgjerd, men nokon må nok vente på svar til etter ferien.

Ei anna årsak til litt lenger sakbehandlingstid på nokre saksfelt, er at vi ikkje fullt ut har fått erstattarar på plass etter medarbeidarar som har gått over i anna arbeid, eller som er i foreldrepermisjon. Håper vi skal ha desse på plass og innkøyrde i oppgåvene om ikkje å lenge.

Det er elles kjekt å registrere at det har vore ein fin vårsesong ute i den praktiske landbruksnæringa, og at førstelåtten av god kvalitet er vel i hus og i rundballar utan at det har gått så mye ut over jordstruktur. Vi får håpe at naturen dette året er meir på vår side.

Vi har nyleg hatt besøk av heile landbruksavdelinga frå Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, og dei var imponerte over satsinga i landbruksnæringa i Rogaland. Eit godt døme er dei gartnerane som nå leverer flotte bringebær frå veksthus som ikkje er særleg eigna til tomatproduksjon. Det nye meieriet i Kviamarka er også eit døme på satsing i heile breidda i næringa. Samstundes var vi ærlege når det gjeld miljøutfordringane vi står føre.

Jordbruksoppgjæret er no endeleg vedteke i Stortinget, og vi har fått ny landbruks- og matminister. Det blir spekulert i om det er ein samanheng, men det får andre ta seg av. I vår kvardag må det vere fokus på å følgje opp jordbruksoppgjæret, og andre politiske føringar, slik dei er vedtekne. Her vil det vere nye tema som vi må ta tak i, t.d. dette med å forvalte nye verkemidlar til grøfing som skal bli ein del av SMIL-ordninga. Utfordringane knyta til jordstruktur er eit særleg tidsaktuelt tema, og her vil vi satse på eit aktivt informasjonsarbeid ut over hausten.

Skognæringa har stått i fokus denne våren, m.a. i ny klimamelding og i klimaforliket. Aktivt skogbruk blir framheva både som næring, og som viktig i klimasamanheng. Samstundes har det kome nytt regelverk knyta til planting av utanlandske treslag, og Artsdatabanken har no i juni lagt fram ny svarteliste m.a. med sitkagran på lista. Den 25.05.2012 blei det vedteke ny "Forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål", der føremålet er å hindre at planting av utanlandske treslag kan gi til uheldige følgjer for naturmangfaldet. Forskrifta vil tre i kraft allereie 1. juli 2012.

LMD har framheva at nytt regelverk ikkje skal vere til hinder for forsvarleg bruk av utanlandske treslag i skogbruksnæringa. Det vil bli gjort eit eige arbeid for å vurdere konsekvensane ved planting av utanlandske proveniensar av norske treslag. Alle som ønskjer å plante ut utanlandske treslag til skogbruksføremål, inkludert juletreproduksjon, må søkje om løyve til dette. Fylkesmannen har fått delegert ansvar for å behandle søknadene etter den nye forskrifta, og det er under utarbeiding eigne søknadsskjema. Ny forskrift vil erstatte tidlegare reglar om søknadsplikt etter forskrift om berekraftig skogbruk. Nytt regelverk vil sette større krav til den enkelte skogeigar, og kommunane må rekne med ein del arbeid knyta til innføring av nytt regelverk. Her er mye nytt for alle, og det må difor bli eit tema vi må drøfte på aktuelle dialogmøte til hausten. Det vil også bli lagt ut informasjon på Fylkesmannen sine nettsider.

Då står det igjen å ønskje alle ein god sommar!



Foto: Robijne Verstegen

Dialogmøte med folkevalde

Leiinga ved landbruksavdelinga hos Fylkesmannen har vore ute på møte i dei kommunane der vi har blitt inviterte. Førebels har vi vore inviterte ut i seks kommunar.

Bjerkreim	21. mars
Gjesdal	25. april
Sokndal	9. mai
Rennesøy	15. mai
Hå	30. mai
Sandnes	5. juni

Leiargruppa hos Fylkesmannen har elles hatt møte med politisk leiing i kommunane på Haugalandet og Ryfylke.

Dersom de ønskjer møte i fleire kommunar kan de ta kontakt med Anfinn Rosnes eller Hadle Nevøy og avtale møtedato med dei. Vi vil til hausten gjere ei ny vurdering om det skal arrangerast regionale dialogmøte for politikarane i kommunane.

Kontaktperson: Hadle Nevøy og Anfinn Rosnes



Kontroll av produksjonstilskot

Etter kvar søknadsomgang for produksjonstilskot skal kommunane gjennomføre ein kontroll av minst 5 % av dei føretaka som har søkt. Det er kommunane som vel ut dei føretaka som skal kontrollerast.

Sidan søknadsomgangen 31.07.2011 har det vore kommunane sjølv som har plukka ut føretak til kontroll. Utval av føretak for kontroll skal baserast på ei risikovurdering. Det betyr at kommunane skal vurdere kor sannsynleg det er at det kan vere gitt feil opplysningar i søknaden eller om det andre forhold som kan tilseie at det er grunn til å sjå nærare på eit føretak. Risikoen for feil som kan oppstå på grunn av tolking av vilkåra for tilskotet skal ein og ta omsyn til.

Kommunane bør som hovudregel varsle føretaket før kontroll. Føretaket bør då også få underretning om kva dokumentasjon kommunen skal ha lagt fram på kontrollen. Dette gjer at sjølve kontrollen på bruket kan gå raskt og effektivt.

Sjå [artikkel i Bondevennen 11. mai 2012](#).

Kontaktperson: Birger Aasland



Regionalt miljøprogram

Statens landbruksforvaltning innfører nytt menysystem i forvaltninga av RMP frå 2013. Innlemming av ordninga med miljøvenleg spreing av husdyrgjødsel gir Rogaland ei økonomisk ramme på 32,9 mill. kroner, noko som er ein auke på 8 mill. kroner frå 2012.

Det vil i praksis seie at fylka må velje tiltak ut i frå ei liste som er definert på førehand. Vi kan bestemme sats og geografiske verkeområde sjølve, og vi kan også setje krav i tillegg. Derimot vil utmålingseininga, dvs. om tilskottet blir gitt per dyr/dekar/meter/osv, vere låst. Slik det ser ut no, vil det heller ikkje vere høve til å gi trappesatsar og ulike tilskottssatsar mellom ulike kommunar for same tiltak (til dømes slik vi i dag gjer det med tilskott til bratt areal i Lysefjorden).

Dei aller fleste av ordningane vi har i RMP i dag vil det vere plass til i [det nye meny-systemet](#). Berre tilskott til grubbing vil falle heilt utanfor. Tilskott til bratt innmarksbeite blir, slik det ser ut no, ikkje mogleg å gi per dekar. I staden må det bli eit tilskott til "bratt areal med spesielle verdiar" per dyr. Tilskott til kystlynghei er føreslått utmålt per dyr og ikkje per dekar slik vi har det i dagens RMP. Fylkesmannen har gitt beskjed til SLF om at vi ønskjer å halde fram med å gi tilskott per dekar både når det gjeld tilskot til kystlynghei og tilskot til bratt innmarksbeite.

Det skal vere eit møte i prosjektgruppa 21. juni. Prosjekt gruppa skal då velje ut tiltak frå lista og leggje føringar for prosessen fram til menyen skal behandlast i styringsgruppa seint i haust.

Arbeidet med å lage nytt fagsystem for søknadar til RMP er godt i gang, og føretaka skal søkje via Altinn. Planen er at dette skal lanserast i 2013. Det blir også i samarbeid med Skog og Landskap arbeidd med ei eiga kartløyning for RMP. Utviklingsfasen skal vere ferdig i februar 2013.

Kontaktperson: Monica Dahlmo

Nytt om erstatning for klimabetingede skader i landbruksproduksjonen

Kva er nytt i høve til tidligare regelverk ? Her ei kort oppsummering av dei viktigaste endringane.

Ordninga har frå 1.2.2012 fått to nye forskrifter som må sjåast i samanheng:

- *Forskrift om satser for og beregning av erstatning og tilskudd ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon*
- *Forskrift om erstatning og tilskudd ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon*

Nye forskrifter og nytt rundskriv finn du her:
[Regelverk - Statens landbruksforvaltning \(SLF\)](#)

Ny berekningsmodell

Den nye forenkla berekningsmodellen blir presentert i rundskrivet. Modellen skal gjere det lettare å forstå berekninga av erstatningsbeløpet, men den skal gi same erstatningsutbetaling som tidligare berekningsmodell.

Klimatisk årsak er presisert

Årsaka til skaden skal gå fram av søknaden, og som ein del av dette skal ein angi ein klimaprosent (den del av skaden som kjem av klima). Klimaprosenten blir bestemt etter at ein har vurdert om det er ugras, plantesjukdommar, dårleg drenering med meir som er årsaka, eller om det er klima som er årsaka til avlingssvikten.

Gjennomsnittsår ved berekning

Tal produksjonsår som skal leggast til grunn for gjennomsnittsprøva for føretaket er uendra. Tidligare var regelen at alle år der det var mottatt erstatning for avlingssvikt kunne utelatast ved berekning av gjennomsnittsprøva. Nå kan berre eitt av dei siste seks åra før skadeåret utelatast og det er ikkje lenger eit vilkår at føretaket har mottatt erstatning for avlingssvikt. Tilsvarende gjeld ved berekning av gjennomsnittsprøva for honningssvikt og avlingssvikt i grovfôr på føretak med husdyr. Eitt av de siste fire årene før skadeåret kan tas ut av berekninga.

Melding av skade

Før ein søker om erstatning må ein melde skaden til kommunen. Melding av skade skal gjørast "utan ugrunna opphald". Det betyr i praksis at melding skal gis straks føretaket blir klar over at skade har eller vil kunne oppstå. Det blir ikkje gitt erstatning til føretak som ikkje har meldt skaden til kommunen. Kommunen skal kunne kontrollere av skadeårsaka.

Nye meldefristar

Svikt i honningproduksjon: 31. august

Tap av innvintra bikuber: 15. mai

For planteproduksjon er det ikkje fastsett dato.

Søknadsfristar

- Ny søknadsfrist for ordninga "Tapte innvintra bikuber" er 15. juli.
- Andre søknadsfristar er vidareført
- Avlingssvikt: 31. oktober
- Vinterskada eng: 15. juli
- Svikt i honningproduksjon: 31. oktober

Kontaktperson: Else F. Hodne



Foto: Arne J. Lyshol



Foto: Arne J. Lyshol

Klageavgjersle gardshus nummer to

Settefylkesmann i Vest-Agder har no gjort vedtak i klagesak om riving og oppføring av nytt gardshus nr 2 ("erstatningsbustad). Søknad krev dispensasjon etter plan- og bygningslova.

Fylkesmannen i Rogaland påklaga 09.06.11 vedtak i Sola kommune om å gi løyve til oppføring av gardshus nummer 2 på Tjora. Det nye "gardshuset" skulle erstatte eksisterande bustad som var søkt riven. Fylkesmannen i Rogaland la til grunn i si uttale og klage at det ikkje lenger var dokumentert behov for nytt gardshus nr 2 knytt til landbruksdrifta på det aktuelle bruket.

Settefylkesmannen i Vest-Agder tok 18.05.12 klaga til følge og oppheva Sola kommune sitt vedtak. Fylkesmannen i Vest-Agder slår fast at Sola kommune si "generelle" praksis om å legge til grunn at oppføring av erstatningsbustad ikkje krev dispensasjon frå plan- og bygningslova (der eit eksisterande gardshus blir reven), er "lovtnkningsfeil". Kommunane må i kvar enkelt sak konkret vurdere om det ut frå dagens situasjon er behov for fleire bustader knytt til drifta av garden.

I den aktuelle saka i Sola meiner Fylkesmannen i Rogaland og settefylkesmann i Vest-Agder at oppføring av omsøkte bustad nummer 2 er i strid med kommuneplanen og LNF-føremålet. Tiltaket krev difor søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova, § 19-1.

Ei anna grunn for settefylkesmann si oppheving av kommunen sitt vedtak, er mangelfull utgreiing av om naturmangfaldet blir råka av omsøkte tiltak – vurdering etter naturmangfaldlova.

- [Her kan du lese heile klageavgjersla frå settefylkesmann i Vest-Agder.](#)

Kontaktperson: Dagfinn Hatløy

Årsverk i kommunal landbruksforvaltning pr. 1.1.2012

Fylkesmannen må kvart år rapportere inn til Landbruks- og matdepartementet tal årsverk i kommunal landbruksforvaltning i Rogaland.

Tala for 2012 viser at det totalt for Rogaland har vore ein auke på 0,85 årsverk frå 2011. Det har vore ein auke i Vindafjord og Rennesøy og ein reduksjon i Sauda og Finnøy. Elles viser tilbakemeldingane at det er stabilt i dei andre kommunane.

Kommune	Årsverk pr 1.1.2011	Årsverk pr 1.1.2012
Eigersund og Sokndal	3,60	3,60
Sandnes, Stavanger og Kvitsøy	5,00	5,00
Haugesund	0,25	0,25
Lund	1,50	1,50
Bjerkreim	2,20	2,20
Hå	3,70	3,70
Klepp	3,60	3,60
Time	3,50	3,50
Gjesdal	1,10	1,10
Sola	1,20	1,20
Randaberg	1,50	1,50
Forsand	1,35	1,35
Strand	1,65	1,65
Hjelmeland	2,40	2,40
Suldal	2,20	2,20
Sauda	0,70	0,60
Finnøy	1,75	1,60
Rennesøy	2,10	2,60
Tysvær og Bokn	3,50	3,50
Karmøy	4,00	4,00
Utsira	0,11	0,11
Vindafjord	5,10	5,70
Sum	52,01	52,86

Kontaktperson: Sissel C. Endresen



Foto: Nono Dimby



Foto: Arne J. Lyshol

Kartlegging av potetcystenematode

Mattilsynet testar ut om portalen for Temakart-Rogaland kan nyttast i arbeidet med å kartleggje funn av potetcystenematode, PCN. PCN er ein alvorleg skadegjerar, og betre oversikt over kvar dei registrerte funna er vil vere verdifullt for å hindre spreiding.

Infisert jord er ei viktig kjelde for smitte. Vindflukt, dyretråkk og flaumvatn er vanskeleg å kontrollere. Viktigare er å hindre smitte frå settepotet, planter, jord og maskiner som har vore i kontakt med smitta jord. Det er forbode å spreie PCN jamfør forskrift om plantehelse, og matlova gir Mattilsynet heimel til å krevje at nødvendige opplysningar blir meldt til dei.

Mattilsynet har overordna forvaltningsansvar, og det er etablert eit register over eigedomar der det er påvist PCN. Per i dag er ikkje digitale kart knytt til registeret tilgjengeleg. Etter innspel frå kommunane har Fylkesmannen teke initiativ ovanfor Mattilsynet for å få dette på plass. Det er laga ein testportal som liknar på portalen for å registrere spreieareal på beite, og Mattilsynet lokalt er i gang med å teste den ut. Det vil bli teke kontakt med einskilde kommunar for å få innspel i prosessen.

Lenkje til revidert forvaltningspraksis for PCN finn du [her](#).

Kontaktpersonar hos Fylkesmannen: Monica Dahlmo, Tonje Fjermestad Aase og Viktor Kalèn

Intensivert skogkulturoppfølging

Frå 10. juni er Dag Okkenhaug Bævre tilsett i eit engasjement i Skogselskapet i Rogaland for å styrkja oppfølginga av skogkulturinnsatsen i Haugalandssområdet. Arbeidet skal skje i samråd med kommunane og Fylkesmannen.

Som kjent har kontrollar avslørt at berre 50 % av hogstflatene blir tilplanta, og mange av flatene har dessutan stor avgang av skogsplanter. Okkenhaug Bævre, som har master i anvendt skogskjøtsel, skal mellom anna kontakta skogeigarar som har hatt avverking i perioden 2000 – 2005. Mange av desse vil få besøk med ei skogvandring på eigedommen for å få skogfaglege råd, bestilla planter og/eller mannskap for planting eller ungskogpleie. Faglege råd om vedlikehald eller nybygging av skogsveggar vil også vera ein del av tilbodet.

I den grad det blir oppdaga manglande skogkultur som er i strid med lovverket, vil det bli rapportert til vedkommande kommune, som er rette instans for å følgja opp mistanke om lovbrøt.

Dag Okkenhaug Bævre vil ha kontor hos Vestskog BA på Landbrukets hus i Ølen. Han vil vera å treffa på mob. 911 82 403 eller dag.baevre@skogselskapet.no



Foto: Robijne Versteegen

Kandidatar til BU-prisen 2012

Innovasjon Norge Rogaland deler saman med Fylkesmannens Landbruksavdeling kvart år ut Bygdeutviklingsprisen til personar som har vist god evne til nyskaping og næringsutvikling innan landbruket.

BU-prisen består av eit diplom og prispengar på kr 50.000,-. Vi gjer merksam på at det i 2010 vart gjort endringar i statuttane under avsnittet om målgruppe. Den tidlegare avgrensninga om at målgruppa skulle vere "utanom tradisjonelt landbruk" er no tatt ut. Bakgrunnen for endringa var mellom anna at det skjer mykje positivt og spennande også innan det tradisjonelle landbruket.

Målgruppe

Hovudmålgruppa er bedrifter eller personar med næringsverksemd i tilknytning til landbrukseigedomar. Kandidatane blir vurdert etter følgjande kriteria:

- Økonomisk resultat/lønnsemd
- Sysselsetjing, særleg for kvinner og ungdom
- Sosial og miljømessig berekraft, som utnytting av lokale ressursar, fortrinn og ringverknader i lokalsamfunnet
- Nyskaping/originalitet

Kven skal få prisen i år?

Vi inviterer dykk til å sende inn eit grunngitt forslag på kandidat til BU-prisen for 2012 i Rogaland. Sjå nettsida til Innovasjon Norge for meir informasjon og elektronisk påmelding: [Bygdeutviklingsprisen 2012 - Innovasjon Norge](#)

Frist for innsending elektronisk 1. juli 2012.

For eventuelle spørsmål - ta kontakt med Kirsten Frønsdal Sivertsen i Innovasjon Norge Rogaland på epost: kisiv@innovasjonnorge.no.



Foto: Robijne Verstege



Landbruket i Rogaland sin heiderspris 2012

Rogaland landbruks-selskap deler årleg ut ein heiderspris. Denne skal gå til nokon med yrket sitt i landbruket, fortrinnsvis til aktive bønder som har gjort ein positiv innsats ut over det ein normalt kan forvente. Vi ønskjer forslag på kandidatar.

Ved vurdering av kven som bør få "Landbruket i Rogaland sin heiderspris" skal det leggjast vekt på at vedkomande utan personleg vinning har gjort ein ekstra innsats innanfor eit eller fleire av kriteria nedanfor:

- Har profilert landbruket på ein positiv måte mot resten av samfunnet
- Har fremja positive idear for vidareutvikling av bygdene i Rogaland
- Har vore ei drivkraft i utvikling av ei levedyktig bygd og/eller eit grannelag
- Er eit føredøme i arbeidet for vidareutvikling av kulturlandskapet
- Har profilert og i praksis gjennomført si jordbruksdrift med høg miljøstandard og fokus på etikk i fjøs og/eller gris-/fjørfehus
- Har hjulpet ein yrkesbror eller -syster gjennom ein vanskeleg periode
- Utviklar nye produkt eller tenester som kan gjere landbruket meir robust

Frist for å sende inn forslag med ei kort grunngjeving er 15. september 2012.

Forslaget skal sendast til Rogaland landbruks-selskap, Postboks 59, 4001 Stavanger eller på e-post til beh@fmro.no.

Kontaktperson: Bente E. Halvorsen